

MYTEN OM DEN KARTESIANSKE MYTEN

Eit intervju med Lilli Alanen

Av Eirik Julius Risberg og Karen Synnøve Blokkum Flø



Lilli Alanen er professor i filosofi ved universitet i Uppsala. Ho underviser i filosofihistorie og nærer ein særskild interesse for erkjeningsteori, metafysikk, medvitsfilosofi og moralpsykologi i tidleg moderne filosofi. Etter å ha jobba med Descartes i lang tid enda arbeidet med boka Descartes' *Concept of Mind* (Harvard University Press) i 2003 – ei bok som vakte oppsikt verda over i dei fagområda kor Descartes hadde sitt hovudfokus. Boka grip fatt i ei side av Descartes sin filosofi som har vore neglisjert lengje: kroppsleggjinga av det menneskelige medvitet. Alanen hevdar at ei ny og annleis forståing av Descartes sin medvitsfilosofi oppstår dersom ein tek synet hans om mennesket som ei tett samanstilling av kropp og sinn på alvor. Den 17. mars gjesta ho Filosofisk seminar for å snakke meir om emnet, og i den samanhengen sa ho ja til å vere med på eit intervju.

The Concept of Mind beskriver Gilbert Ryle Descartes si handtering av problemet med kropp og sinn som "skromtet i maskinen". I denne lesinga verkar det ikkje-materielle medvitet narast som eit skromt som på eit mystiske vis set i gang kausale prosessar i den materielle, maskinelle kroppen. I boka Descartes' *Concept of Mind* kallar du denne lesinga som "myten om den kartesianske myten". På kva sett ser du på denne påstanden som ein myte?

Den oppfatninga som Ryle skildrar og tilskriv Descartes har hatt særleg stor innverknad og den følgjer av det kristne tankeestet. Her ser ein på sjela som noko som er uavhengig av kroppen og som difor ikkje kan dø. Ein plukka ut nokre einskilde sitat frå Descartes, som har freista å stadfesta denne teorien, for så å utelukke andre viktige aspekt av heilskapen. Denne bruken av Descartes sin teori blir på denne måten verken ei korrekt skildring eller definerande fordi den mistar si breidd. Teorien famnar til dømes oppfatningar om mennesket som sette saman av svært mange delar. Det mytiske i denne situasjonen er at ein gjev mykje av æra for denne tanken til Descartes. Det er det eg kallar "myten om den kartesianske myten". Ein finn eit syn på mennesket og tanken som har sterke røter i den vestlege tradisjonen, og kombinerer det med kartesianske tesar og påstår at det er Descartes som på eit vis har skapt dette synet. Det har han ikkje. Denne påstanden har ikkje noko feste i historia overhovudet.

Mytisk er òg samtidas medvitsfilosofi der det finst mange som forsvarer ei form for kartesiansk tese. Eit døme på dette er ein type funksjonalistiske modellar som ser medvitet, eller det tenkande, som ein funksjon uavhengig av kroppen. Denne funksjonen kan, som Hilary Putman seier, kome i stand i ulike slag av materie. Ein kan til og med tenkje seg at denne funksjonen er den same som den Turing fann i reknemaskinen sin, det vil seie at

den skal kunne realiserast på eit ikkje-materielt nivå. Dette er eit anna uttrykk for den same myten, og ein ser at dette er ein idé som framleis verkar i dagens filosofi.

I tolkinga di går du vekk frå den tradisjonelle lesinga av Descartes i der ein ser problemet med interaksjon som det vesentlege problemet. I staden hevdar du at det reelle problemet hos Descartes er eit omgrepsproblem. Kvifor er det mentale sin verknad på det fysiske ikkje det interessante problemet? Kva går det reelle problemet ut på?

Det har blitt fokusert på spørsmål om korleis det mentale og kroppen verkar på kvarandre, og korleis sjela vekselverkar mellom sjela og kroppen. Teorien om interaksjon skal forklare denne vekselverknaden. Det finst derimot eit anna problem med denne dualistiske tankebanen som eg altså kallar omgrepsproblem. Korleis forstår vi at sjela og kroppen i det heile kan verka i høve til kvarandre? Når ein innser at denne typen problem finst blir ikkje spørsmål om interaksjon lenger interessant, og om ein tek denne omgrepskilnaden på alvor så finst det ikkje noko forklaring på korleis koplinga mellom det kroppslege og sjela kan hende. Våre forklaringar om kroppsleg rørsle føreset mekaniske rørsle, men denne mekanistiske modellen gjev oss derimot ikkje noko terminologi til å forklare den ikkje-materielle sjela. Det vi endar opp med å vere i stand til er berre å konstatere at det finst nokre korrelasjonar - ved særlege rørsle så oppstår det særlege tankar i hjernen. Men det finst ikkje noko kausal vekselverknad her. Alle modelar vi nyttar for å forklare kausal vekselverknad føreset rørsle for Descartes fordi han ikkje har noko anna omgrep om årsak. På grunnlag av dette meiner eg at interaksjonsproblem, som så mange har skrivt om, ikkje kan løysast, men at det heller ikkje er interessant. Det Descartes gjev oss ein forklaringsmodell på er kva som hender i kroppen. Han forklarar ikkje korleis det som skjer i kroppen verkar på det som skjer i sjela.

Det har blitt diskutert og skrivt masse kring spørsmålet om interaksjonsproblem har ei løysing eller ikkje. Til dette stiller Spinoza eit spørsmål: "Kva kan ein filosof, som hevdar at han berre nyttar klare og tydelege omgrep, meine om kontakten mellom utstrekning og tanken? Kva kan han meine? Her finst ikkje nokon klare og tydelege omgrep." Slik avfeiar han interaksjonsteorien som ei løysing.

Det reelle problemet for Descartes er at vi ved å bruke desse elementa, så kan vi ikkje forklare korleis desse to kan vere sameinte. Det er dei omgrepa som gjer at vi i det heile forstår kvarandre, og som berre kan forståast som ulike i og med at dei er motsette omgrep. Dette skriv Descartes

om i eit svar til Arnaud. Han skriv at ein ikkje kan forstå dette klart og tydeleg, men at vi utvilsamt erfarer det. Vi erfarer det, men vi kan likevel ikkje forstå det.

Kan ein seie at Descartes her innrømmer at han på eit vis kjem til kort filosofisk sett?

Det kan ein. Som filosofar ønskjer vi å forstå og klargjere ting. Stundom kan dette føre til at ein kjem over vanskar av denne typen innan filosofisk teori, og at ein produserer ein mengde sofistikerte tolkingar for å kunne prøve å forklare vekk problemet. Eg tykkjer at å utvikle ein teori om interaksjon er eit forsøk på å gøyme problemet. Difor finn eg det viktig, i særleg grad for ein tenkjar som Descartes, å peike på at han sjølv erkjenner at han ikkje kan forklare dette. Han kan ikkje og prøver heller ikkje å gjere denne eininga intelligibel. Derimot hevdar han at den einaste måten å få innsikt i denne eininga på er gjennom erfaring. Utgåande frå gyldige omgrep finst det grenser for kva vi kan forstå, og Descartes kom her til ei slik grense. Han heldt likevel fast ved sine omgrep, han berre innsåg at han ikkje kunne bruke desse til å forstå dette feltet. Spinoza og Leibniz er som eit motsvar mykje meir rasjonalistiske enn Descartes. Dei godtek ikkje teoriar av den typen som let noko bli ståande uforklart. Spinoza sin identitetsteori er eit godt døme på ein teori som prøver vere beinhardt konsekvent, men i freistnaden så kjem han også fram til mange absolutte konklusjonar som må svelgjast fordi dei følgjer av konsekvensen. Descartes høyrer til den typen av tenkjarar som snarare aksepterer at det finst grenser for kva ein kan forstå for ikkje å fornekte det vi openbart erfarer. På denne måten erkjenner han problema og si eiga avgrensing.

I forordet til The Meditations svarar Descartes på ei innvending som blei reist mot ham i Discourse, om bruken av omgrepet "idé". Descartes svarer at idéomgrepet er tvitydig - at det kan forståast anten som "an operation of the intellect" eller "the thing represented by that operation". Er dette tanke- eller idéomgrepet inkonsistent? Opererer Descartes med to omgrep?

At eit omgrep er tvitydig – at det kan brukast med to ulike meiningar – treng i og for seg ikkje tyde at omgrepet er inkonsistent dersom det brukast på ein sånn måte at det alltid er klart kva slags meining som brukast. Inkonsistens oppstår dersom ein blandar dei to bruksmåtene slik at ein bruker omgrepet i den eine måten når ein burde bruke det på den andre. Eg trur at det i dei fleste tilfelle blir klart på kva sett Descartes bruker idéomgrepet. På den andre sida kunne han kanskje ha skild betre mellom dei

to tydingane av "idé". Det gjer han ikkje, og det kan ein kanskje kritisere han for. Det gjeld ikkje berre for termen "idé", men også termen *cogitatio*, som iblant kan vise til sjølv tankeakta og andre gonger kan tyde det ein tenkjer på. Dei som for fyrste gong prøver å gjere dei terminologiske skilnadene klarare var Kant og Husserl, så dersom det finst ein inkonsistens er ikkje Descartes åleine om det. Sjølv om det sjølv sagt ikkje forsvarer det faktum at denne terminologien på Descartes si tid ikkje var tilstrekkeleg analysert.

Allison Simmons ser ut til å opne for ei forståing – i forlenginga av ditt omgrep om "bio functional" representasjon – av korleis sanseinntrykk kan seiast å representere. Vil dette vere ein post hoc måte å samle dei lause trådane i tankeomgrepet hos Descartes på?

Det er også eit godt spørsmål. Det er ein stor diskusjon om kva plass kjenslene har hos Descartes. Er dei berre subjektive opplevingar, eller har dei noko innhald? Kan dei på ein måte representere noko ytre? Det finst mange som påstår at dei ikkje representerer noko ytre, men då får ein problem med å forklare kva slags funksjon dei har og korleis dei i det heile kan hjelpe oss med å orientere oss i verda, slik Descartes seier i den sjettemeditasjonen. Simmons innfører tanken om at kjenslene ikkje representerer, altså har dei ikkje same objekt som klare og tydelege idear. Klare og tydelege idear representerer dei ytre materielle ting, medan sanseinntrykk representerer ein slags biologisk eigenskap hos ting - det vil si korleis ting påverkar oss. Simmons si teori er problematisk ettersom ein blir tvungen til å spørje kva desse biologiske eigenskapane er. Spørsmålet er jo korleis dei ytre ting påverkar oss – korleis vi reagerer på dei ytre ting. Descartes kallar dei jo sjølv for utydelege idear, og dei er nettopp utydelege fordi

vi ikkje klart kan gjere reie for nøyaktig kva dei inneheld. Når eg i staden vel å snakke om kjenslene sin representasjon i form av "teikn" og "å gjewe tilkjenne" er det fordi det finst mange passasjar hos Descartes der han snakkar om kjenslene som eit resultat av kva han kallar "*un institution de la nature*" - at Gud har innretta oss slik at nokre ting er skadelege for kroppen, og at nokre ting påverkar oss på bestemte vis. Det er nesten som ein funksjonell teori der kjenslene fungerer som teikn som sett i gang ein korrekt kroppslig reaksjon. Dette er eit spanande problemområde som krev mykje meir utarbeiding.

Du talar òg om eit logisk-normativt rom som ligg under vår bruk av språk og tanke, som gjer at vi kan ha ein type teikenrepresentasjon. Korleis passar dette inn med det mekanistiske verdsbiletet som Descartes forfektar?

Dette fører oss tilbake til distinksjonen mellom tanke og materie. Det sentrale for tenkinga hos Descartes er at tanken er til dømes i stand til å skilje mellom sant og falskt, og at tankeverksemda difor er ei søking etter sanning og det å forstå. Det logisk-normative høyrer med andre ord til det tenkjande. Tenkinga er eit normativt søk som er styrt av logiske lovar gjewe av Gud. Gud har skapt dei logiske lovene som styrer tanken vår, og gjer oss høve til å skilje mellom sant og falskt. Eg freista i min diskusjon av det punktet å trekkje ein parallell til Sellars distinksjon - at det finst to ulike domene som ikkje har noko til felles - og at vi ikkje kan leite etter kausale forklaringar innanfor tankedomenet, slik vi, vice versa, ikkje kan forklare den fysiske naturen gjennom normative lovar.